# Årsrapport

# 2014




*Foto frå spelefilmen 1001 gram, som hadde premiere hausten 2014. Fotograf: John Christian Rosenlund.*

Justervesenet

# Innhald


**I. Leiaren sin rapport** 3

**II. Introduksjon til verksemda og hovudtal** 4

**III. Årets aktiviteter og resultat** 6

Regelverksutvikling ... 6

– sørge for forsvarleg forvaltning og målretta utvikling på måleteknikkområdet ... 6

Tilsynsverksemda ... 9

– overordna oversikt over utførte tilsynsaktiviteter i Justervesenet i 2014 ... 10

– om tilsyn i enkelte bransjer ... 11

– Generelle trekk og utvikling i tilsynsverksemda ... 11

Laboratorieverksemda ... 16

– utnyttingsgraden av laboratoria ... 22

– etablerte samarbeid med referanselaboratorium, herunder samarbeid med referansalaboratorium som kan ta ansvar for sporbarhet på områder som Justervesenet ikkje dekkjer sjølv ... 22

**IV. Styring og kontroll av verksemda** 25

Særskilde tema ... 26

Stillingar, rekruttering og likestilling ... 26

**V. Vurdering av fremtidsutsikter** 31

**VI. Årsregnskapet** 32

Vedlegg 1: Tilstandsskjema ... 45

# I. Leiaren sin rapport

Gjennom systematisk og god produksjon av tilsyn og tenester, gjennom regelverksutvikling, utprøving av nye tilsynsmetodar, gjennom administrative prosessar og endrings- og utviklingsvilje, meiner Justervesenet sin direktør at etaten har bidrege positivt til å sikre tillit til norske målingar og måleresultat.

**Ut over den ordinære produksjon har følgjande milepælar vore vesentlege for Justervesenet i 2014:**

- Frå 1. januar 2014 vart ny hovudforskrift sett i kraft. Den nye forskrifta gir mellom anna mykje tydelegare enn tidlegare Justervesenet fridom til å velgje den mest høvelege tilsynsmetode.

- Norsk deltaking i det europeiske forskingsprogrammet EMPIR (2014-2020) vart stadfesta og allereie er to søknadar godkjende i første runde av utlysningar.

- 2 søknader om offentlege PhD er godkjende, slik at totalt 3 av Justervesenet sine tilsette er i ferd med å gjennomføre eit doktorgradsarbeid. Dette styrkjer Justervesenet sin kjernekompetanse og knyter nyttige forbindelsar til høgskule- og universitetsmiljø.

Utprøving av nye tilsynsmetodar har til ei viss grad kome i konflikt med kravet om gebyrinntekter i 2014. Inntektskravet vart endra ved nysaldering hausten 2014. Gebyrinntektene har passert det nye kravet med ein liten margin.

Tenesteproduksjonen er jamt aukande. Både næringsliv, forskingsinstitusjonar og offentlege styresmakter ønskjer Justervesenet sitt bidrag til å styrke tilliten til målingane sine. Inntekt frå tenesteproduksjonen har også passert kravet.

For ytterlegare effekt av Justervesenet sitt arbeid er det eit sterkt behov for å modernisere IKT-løysningar og integrasjon mellom dei ulike systema. Grunnlag for eit satsingsforslag innan IKT har hatt høg prioritet i 2014. Tilsvarande er vidareutvikling av finansieringsmodellen for tilsyn avgjerande for å kunne forenkle og vidareutvikle regelverk og operativt tilsyn. Dette er også spelt inn som satsingsforslag hausten 2014.

Ved oppsummering av året 2014 vil eg som leiar av etaten, uttrykkje både takksemd og stoltheit over det alle medarbeidarane og leiarane har bidrege med for å nå målsetjingane for året. Justervesenet har, etter mi meining, framleis evne til å løyse etaten si samfunnsoppgåve på ein god måte i åra framover, så sant grunnvilkåra blir utvikla vidare.

Kjeller, 26.02.2015

Ellen Stokstad

Ellen Stokstad
direktør

# II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

Justervesenet er ein etat under Nærings- og fiskeridepartementet ved Næringspolitisk avdeling.

Justervesenet skal sikre tillit til norske målingar og måleresultat gjennom ein måleteknisk infrastruktur som har tillit nasjonalt og internasjonalt.

Etaten si verksemd er heimla i «Lov om målenheter, måling og normaltid». I tillegg forvaltar Justervesenet «Lov om varer av edelt metall mv.» og er Teknisk kontrollorgan (TKO) for måleinstrument etter to EU-direktiv.

Noreg sitt medlemskap i Meterkonvensjonen (frå 1875) har vore og er vesentleg for internasjonal tillit til norske målingar. Justervesenet representerer Noreg i dette medlemskapet, i Hallmarkingkonvensjonen (edelmetall) og ved deltaking i EURAMET inkludert dei europeiske forskingsprogramma EMRP og EMPIR.

Fleire statlege verksemder, til dømes Politiet og Vegvesenet, nyttar Justervesenet sine måletekniske tenester for å sikre trygge måleresultat og skape tillit til sitt arbeid.

Innan tilsynsverksemda utvekslar Justervesenet erfaringar og/eller samarbeider med fleire tilsyn, slike som Fiskeritilsynet, Skatteetaten, Politiet, Oljedirektoratet, Norges vassdrags- og energidirektorat m.fl.

Etaten er organisert i tre fagavdelingar:

- Nasjonalt laboratorium (NL),
- Tilsynsavdelinga (TS) og
- Avdeling for utgreiing og regelverk (UR).

I tillegg hjelper administrasjonsavdelinga alle fagavdelingar i administrative prosessar.

Størstedelen av Justervesenet sin aktivitet er lokalisert til Kjeller i Skedsmo kommune i Akershus. Bygget på Kjeller sto ferdig i 1997 og er spesialtilpassa Justervesenet sine behov for avanserte laboratorium. Justervesenets si tilsynsverksemd er delvis lokalisert utanfor Kjeller med eigne distriktskontor i Tromsø, Trondheim, Bergen og Stavanger. Distriktskontoret som dekkjer Austlandet er lokalisert saman med den andre verksemda på Kjeller. Distriktskontora rapporterer til Tilsynsavdelinga. Toppleiinga er sett saman av direktør, avdelingsdirektørar for NL og for TS, avdelingsleiar UR og Administrasjonssjef. Tre av dei fem toppleiarane er kvinner.

I 2014 har Justervesenet hatt rundt 23 årsverk ved laboratorieverksemda på Kjeller, 45 årsverk er knytt til operativ tilsynsverksemd med utgangspunkt i distriktskontora, noko over 7 årsverk til sentral tilsynsverksemd, 3 årsverk innan utgreiings- og regelverksarbeidet og litt over 14 årsverk i administrasjonsavdelinga.

| **Nøkkeltal fra årsregnskapet** | **2012** | **2013** | **2014** |
|---|---|---|---|
| Tal på årsverk | 89 | 90 | 92 |
| Samla tildeling post 01–99 | 110 812 000 | 121 446 000 | 127 327 000 |
| Utnyttingsgrad post 01–99 | 96,6 % | 97,5 % | 94,4 % |
| Driftsutgifter | 114 881 902 | 118 356 748 | 122 278 561 |
| Lønsdel av driftsutgifter | 49 % | 52 % | 53 % |
| Lønsutgifter per årsverk | 638 152 | 681 113 | 705 436 |

*Eit årsverk er definert som ein person i 100 % stilling i eit heilt år. Talet på månadsverk reknast ut frå talet på timar per månad. Talet på årsverk reknast som sum av månadsverk i perioden, delt på talet på månader i perioden. Utrekningane blir ikkje redusert av ferieuttak eller at personar avspaserer fleksitid og reisetid, men alt anna fråvær ≥ 1 dag. Om fråværet/permisjonen er med eller utan lønn påverkar ikkje utrekningane.*

Relevante nøkkeltal for ulike aktivitetar vil bli omtala for kvart fagområde.

# III. Årets aktiviteter og resultat

## Regelverksutvikling

**Målsetjing, frå tildelingsbrevet:**

*3.1 Sørge for forsvarleg forvaltning og målretta utvikling av regelverk på måleteknikkområdet*

*"Lov om målenheter, måling og normaltid" har som mål å sikre at målingar og måleresultat er tilfredsstillande nøyaktige ut frå omsynet til effektiv bruk av samfunnet sine ressursar og ivaretaking av interesser som skal takast vare på. Dette betyr mellom anna at både det regelverket vi har på måleteknikkområdet og mogleg nytt regelverk skal vurderast i lys av formålet i lova.*

**Utgreiingar og forskriftsutvikling**

Her der det gjeve ei kort oppsummering av arbeidet på regelverksområdet i 2014. Meir detaljert informasjon om arbeidet er gjeve i møter med departementet og i rapportar Justervesenet har sendt departementet.

**Regelverkendringar**

Forskrift om målenheter og måling vart endra frå 1.1.2014. Endringane innebar at den tidsavgrensa godkjenningsperioden  for måleinstrument vart avskaffa, og at det vart mogleg for Justervesenet å pålegge verksemder internkontroll. Regelverksendringane vart sette i verk av Tilsynsavdelinga som har bruka ressursar på å informere brukarar og sjølv tilpasse seg det nye regelverket.

Forskrift om krav til elektrisitetsmålarar vart endra frå 1.1.2015. Endringane inneber at fristen for å gjennomføre nye kontrollar av elektrisitetsmålarar og fristen for å byte ut allereie kontrollerte og ikkje godkjente målarar vart utsett til 1.1. 2019. Endringa følgjer av Norges vassdrags- og energiverks endring i forskrift om kraftomsetjing og nettenester der frist for innføre av AMS-målarar vart utsett til 1.1.2019. Undersøkingar Justervesenet har gjort i statestikken over målefeilsituasjonen i allereie kontrollerte og ikkje godkjente  målarar avdekka målefeil med relativt store økonomiske konsekvensar dersom desse vart ståande enda 2 år, slik utsettinga av fristen medfører. På bakgrunn av dette vart det difor teke inn at Justervesenet i enkeltvedtak kan krevje at målarar med påvist store målefeil lell skal bytast ut før fristen sett til 1.1.2019.

Forskrift om krav til e-merking av ferdigpakningar set krav til nettoinnhald i e-merka ferdigpakningar. Utgreiing om ferdigpakningar som vart gjennomført i 2008-2010 avdekka behov for at det og blir sett krav til nettoinnhald i andre ferdigpakningar. Forskrift om krav til e-merking av ferdigpakningar vart derfor sendt på høring hausten 2014 med forslag om å utvide verkeområde til å gjelde alle ferdigpakningar produsert eller importert til Noreg. Det kom ikkje høyringssvar som argumenterte imot denne endringa, men sidan endringa inneber ei teknisk handelshindring, slik dette er definert i EØS-høyringslova, er endringane sendt på EØS-høyring (notifisering) med frist i april 2015. Dersom det ikkje kjem innvendingar i EØS-høyringa, bli endringane gjennomført i løpet av 1. halvår 2015.

**Harmonisering med internasjonalt regelverk**

Justervesenet deltek aktivt i det europeiske samarbeidet på lovregulert måling gjennom organisasjonen WELMEC, der Justervesenet har representantar i fleire arbeidsgrupper og i den overordna komiteen. I WELMEC blir felles europeisk tolking av direktiva MID og NAWI diskutert og stadfesta i felles retningslinjer. Innspel til endringar i MID og NAWI vil og blir diskutert dersom det er aktuelt. Å delta i WELMEC er avgjerande for at Noreg skal kunne fylle sine plikter knytt til EØS-avtalen.

I 2014 vart reviderte versjonar av direktiva MID og NAWI vedteke i EU, og gjort gjeldande i EØS. Endringane gjeld frå 20.april 2016, og Justervesenet starta i 2014 arbeidet med å tilpasse norsk regel-verk og Justervesenet si rolle som Teknisk kontrollorgan til dei nye direktiva. Dette er eit arbeid som forsett i 2015.

Justervesenet deltek vidare i samarbeidet knytt til Hallmarking-konvensjonen, som regulerer samarbeid om handel med edelmetall, og i International Organization of Legal Metrology (OIML) for å følje den globale utviklinga på området lovregulert måling.

**Utgreiingar – pågåande arbeid og eventuelle forslag til nye utgreiingar**

Justervesenet har i 2014 vidareført utgreiing om krav til elektrisitetsmålarar, men på grunn av utsett frist for når AMS skal vera på plass, har arbeidet i 2014 kun konsentrert seg om statistisk analyse av kontrollerte målarar. Dette vil danne grunnlag for ei vurdering av krav til elektrisitetsmålarar og om kontrollordninga vi har i dag bør vidareførast. Arbeidet med utgreiinga vil bli intensivert i 2015.

Justervesenet har ikkje på dette stadiet forslag til utgreiingar på nye område. I tida som kjem vil Justervesenet  oppdatere forslag og vurdere på nytt fleire anbefalingar som er gjort i utgreiingar som er gjort for fleire år sidan og som enno ikkje er gjennomførte,  der det er grunn til å tru at grunnlaget for anbefalingar har endra seg.

**Evaluering av regelverksendringar**

Justervesenet innførte frå 2010 forskrift om krav til taksametre i Norge, men full verknad frå 2012. I 2014 arbeidde Justervesenet med å evaluere dette regelverket, og evalueringa med forslag om endringar vil bli avslutta i 1.kvartal 2015. Det er avdekka at regelverket sannsynlegvis legg opp til ei kontrollordning som er for omfattande i forhold til effekten, og at andre kontrollformer som for eksempel større bruk av stikkprøver vil auke effekten og redusere ressursforbruket. Forskriftsendringar knytt til dette er planlagt frå 2016, dersom Justervesenet har ei finansiering som gjer anna type tilsyn mogleg og har IKT-verkty som gjer det mogleg å administrere dette.

**Finansiering**

Justervesenet innførte frå 2011 ein ny gebyrstruktur som skulle vera enklare for brukarane og gje betre dekning av kostandar og mindre kryss-subsidiering mellom brukargrupper enn tidlegare. Justervesenet har i 2014 gjennomført ei evaluering av denne strukturen. Evalueringa resulterte i ein rapport levert saman med eit satsingsforslag for finansiering for 2016. Hovudkonklusjonen er at dagens gebyrstruktur med gebyr per kontroll per måleinstrument er til hinder for å ta i bruk andre og meir effektive tilsyns-former enn periodisk kontroll med måleinstrument.

**Administratorrolle for ICSMS**

Justervesenet gjennomførte i 2014 opplæring i bruk av ICSMS for andre tilsynsorgan som skal bruke dette verktøyet ved marknadstilsyn. Justervesenet deltek i arbeidsmøter både på nordisk og europeisk nivå der ICSMS er tema, og held andre tilsynsorgan oppdatert om endringar og anna informasjon om databasen.

## Tilsynsverksemda

**Målsetjing, frå tildelingsbrevet:**

*3.2 Sikre tryggleik for at måleresultat som vert nytta i økonomiske oppgjer, er tilstrekkeleg nøyaktige.*

**Det etaten først og fremst skal oppnå på dette området er:**

- at målereiskap og måleresultat som er underlagde lovfastsett kontroll, skal vera så nøyaktige som råd og minst så nøyaktige som minstekrav fastsett av Justervesenet.
- at næringslivet skal få relevant informasjon om regelverk og bruk av målereiskap.
- at tilsynsmetodane for å betre feilsituasjonen og effektivisere tilsynsverksemda vert vidareutvikla.

**Tilsyn som er utført med målereiskap og måleresultat underlagde lovfastsett kontroll**

Tilsyn som er utført i 2014 omfattar:

- Periodisk tilsyn med målereiskap og målingar
- Risikobasert tilsyn med veging ved landing av fisk
- Tilsyn med varer av edelt metall
- Tilsyn med internkontroll hjå einskilde store aktørar
- Marknadstilsyn

**Ressursbruk, periodisk tilsyn med målereiskap**

Timar på tilsyn og oppdragsverksemd i tilsynsavdelinga:

| År | 2012 | 2013 | 2014 |
|---|---|---|---|
| Timar brukt på tilsyn og oppdrag | 45 819 | 47 207 | 43 510 |

Det er totalt sett utført noko mindre tilsynsaktivitet i 2014 enn i dei to føregåande åra. Dette skuldast ein nedgang i tilgjengelege timar i tilsynsavdelinga. Videre har det vore ei auka prioritering av TKO-oppdrag og utprøving av nye tilsynsmetodar, kombinert med ein auke av tidsbruk på kompetansebygging (auka med 2000 timar) og fagleg utvikling og andre oppgåver.

Tabellen viser tal på målereiskap som er kontrollerte i 2014 og føregåande to år:

| År | 2012 | 2013 | 2014 |
|---|---|---|---|
| Samla tal på måletekniske kontrollar av målereiskap | 29 200 | 29 300 | 28 500 |
| Oppfølgingskontrollar etter reparasjon o.l. | 4 354 | 4 388 | 4 510 |
| Samla tal på registrerte avvik, sett saman av | 3 190 | 2 978 | 2 844 |
| – feil som påverkar måleverdien<br>– administrative feil | 1 807<br>1 389 | 1 926<br>1 052 | 1 761<br>1 083 |
| Avvik som førte med seg pålegg om retting | 1 430 | 1 725 | 1 336 |

**Minstekrav til fastsett nøyaktigheit, ut frå formålet i målelova**
Minstekravet til nøyaktigheit omtalast ofte som toleranse og blir som regel omtala som akseptabel positiv og negativ feil i prosent i måleresultat.




*Toleranse for ulike målereiskap og konsumentrisiko.*

Figuren viser toleransen og kva toleransen fører til i risiko for forbrukar ved bruk av ulike typar målereiskap. Toleransane for målereiskap er stort sett gjevne som krav som følgjer av europeiske direktiv som er implementert i norsk lovgjeving. Det er ikkje høve til å fastsetje snevrare toleransar enn det som føljer av direktiva da dette vil innebera ei handelshindring.

Om ein gitt prosent målereiskap med feil utanfor toleransen (feilsituasjonen) kan seiast å innebera ein akseptabel risiko vil difor mellom anna vera avhengig av type målereiskap, bransje og omsetjing.

Som figuren viser er det stor skilnad på toleransen for ulike typar målereiskap. Dette vert omtala nærare for vesentlege område i neste avsnitt der konsekvensen av endring i feilsituasjonen vert omtalt.

**Endring i feilsituasjonen gjennom året og konsekvensar av avvik, feil og problemområde som er avdekka**

Justervesenet har i 2014 utført tilsyn i mange bransjar. Nokre bransjar der Justervesenet har hatt særleg fokus vert omtala her.

**Veging i daglegvarebransjen (butikkvekter)**
Som figuren på førre side viser, har butikkvekter høge krav til nøyaktigheit i høve til andre typar måleriskap, medan risikoen for forbrukar er låg ved veging i butikk. I praksis vil også nettofeil på grunn av veging bli enda lågare fordi ikkje same vekt blir bruka kvar gong forbrukar handlar. For butikken vil konsekvensen ved feil på ei vekt bety mykje meir sidan butikken har dei same vektene over tid.

Tabellen under viser utvikling i feilsituasjonen dei siste åra:

| År | 2012 | 2013 | 2014 |
|---|---|---|---|
| Feilprosent* | 16,9 % | 14,9 % | 14,5 % |

**Som prosent av alle kontrollar som er utført på aktuelt område.*

Sjølv om feilprosenten er vesentleg, reknar vi med at konsekvensane av feila som vert oppdaga er låg for forbrukarane. Ein stor del av målefeila går i tillegg i favør av forbrukaren.

Feila er ofte av en slik art at brukaren (butikken) med enkle midlar sjølv kan oppdage dei. Ein stor del av feila skuldast at leverandør eller servicefirma ikkje har oppfylt sine plikter. Det er derfor grunn til å tru at dersom bransjen får informasjon om dette og korleis dei kan unngå feil, vil det være eit effektivt verkemiddel til å redusere feil.

Justervesenet har på bakgrunn av dette i 2014 brukt meir ressurser på dialog og oppfølging av leverandørar og ser no resultat av dette i kontrollverksemda.

I tillegg vert det jobba med informasjonsmateriell (sjå faksimile) til bransjen. Det er også laga ein video som kan nyttast av bransjen og som er forventa å medføre at daglegvarebransjen sjølv kan redusere feilmålingar.

*Justervesenet har i 2014 redusert det ordinære kontrollomfanget til fordel for informasjonsarbeid og anna oppfølging og har som målsetjing at dette skal bidra til både redusert ressursbruk og framleis forbetring av feilsituasjonen i 2015.*



**Fiskeribransjen**



Justervesenet har i 2014 auka aktiviteten med uvarsla kontrollar basert på risikovurderingar hos anlegg der fisk vert landa. Periodisk tilsyn har også hatt høg prioritet i denne bransjen.

Under kontrollen har det også i 2014 vore fokus på å avdekke feil som følge av feil bruk, sjølv om vekta i seg sjølv tilfredsstiller krava. Det er i disse tilfella gjort vedtak om krav til bruken av vektene, og det er gjennomført umelde oppfølgingsbesøk i dei fleste tilfella. Totalt vart det under besøka avdekka feil veging med betydelege konsekvensar for det økonomiske oppgjeret. Erfaringar viser at dette er ein type tilsyn som gjev gode resultat og som framleis bør ha stort fokus i tida framover. Justervesenet vil i 2015 utnytte ressursane i kontrollverksemda betre ved betre samordning og informasjonsdeling med Fiskeridirektoratet.

**Tilsyn med taksameter**

Sidan tilsyn med krav til taksameter starta for fullt i 2011/2012 har dette vore det mest krevjande området i Justervesenet si tilsynsverksemd når det gjeld ressursar. I 2014 har det vore prioritert litt ned i ressursbruken på kontrollaktiviteten i høve til i 2013. I tabellen her er det teke med tal frå 2013 og 2014, sidan vi i 2012 framleis var i ein oppstartfase med drosjekontroll.

| | **2013** | **2014** |
|---|---|---|
| Tal på kontroller | 8 435 | 7 814 |
| Timar brukt på tilsyn* | 15 394 | 13 546 |
| Del av totalt tal på enkeltkontrollar med feil som medførte pålegg om retting* | 8,3 % | 5 % |
| Totalt tal på registrerte feil | 769 | 476 |

* Ressursbruk (Tilsyn, -inklusive direkte administrativ oppfølging):

Det har i 2014 vore ein merkbar nedgang i tal på feil som vert oppdaga. Som ein del av evalueringa av tilsyn med taksameter er det i 2014 sett nærare på type feil og konsekvensen av desse. Konsekvensen av feil som skuldast reine målefeil, som vert avdekka under varsla kontrollar, er vurdert å ikkje vera høg. Feil som vert oppdaga på stikkprøvekontrollar indikerer at effekten av å bruke ressursar på slike kontrollar er høgare enn på varsla periodiske kontrollar. Formålstenleg bruk av ressursar i kontrollen i framtida har difor høgt fokus i det pågåande evalueringsarbeidet.

**Bilvekter (tungvekter)**
Bilvekter (tungvekter) vert nytta til mange formål, eksempel på bruk er:

- Sal av industriråstoff og ferdig tilverka industriprodukt.
- Sal av byggeråvarer (pukk og grus)
- Kjøp og sal av skrapmetall og metall
- Vektkontroll av lastebiler (av vegstyremaktene)

Det har også i 2014 vore registret mange feil under kontrollen av tungvekter, sjå tabellen under. Store vekter har ei snever toleransegrense (omlag 0,2 %, avhengig av kor tung last den vert brukt på). Den høge feilprosenten i seg sjølv betyr difor ikkje direkte at det er høg risiko ved bruk av store vekter. Likevel er dette eit område som Justervesenet i lys av feilregistreringar og innspel frå aktørar i bransjen følgjer med på. Justervesenet vil vurdere nærare om det trengst endringar i tilsynet som kan gje betre effekt og/eller betre ressursutnytting.

| | **2012** | **2013** | **2014** |
|---|---|---|---|
| Administrativ feil | 12 | 11 | 18 |
| Måleteknisk feil | 89 | 110 | 74 |
| Tal på kontrollar | 541 | 435 | 386 |
| Del av kontrollar med feil som medførde pålegg om retting | 14,2 % | 20 % | 19,6 % |

**Drivstoffmålarar (Bensinpumper)**
Det vart i 2014 kontrollert 9652 drivstoffmålarar. Totalt sett er feilsituasjonen relativt uendra og vurdert å vera tilfredsstillande. Justervesenet har i 2014 jobba med oppfølging av og informasjon til leverandørar i bransjen. Introduksjon av meir avanserte målesystem gjev nye utfordringar og behov for kompetanse både hjå leverandørar og hjå Justervesenet. Dette har kravd ressursar i 2014 og vil krevje ressursar også i 2015. Vidare og tettare oppfølging av leverandørar og bransjen er venta å betre feilsituasjonen i 2015.

| | **2012** | **2013** | **2014** |
|---|---|---|---|
| Administrativ feil | 136 | 217 | 330 |
| Måleteknisk feil | 234 | 270 | 206 |
| Tal på kontrollar | 8904 | 9979 | 9652 |
| Ressursbruk (timar) | 5706 | 6325 | 6275 |
| Del av kontrollar med feil som medførde pålegg om retting | 2,9 % | 3,4 % | 2,9 % |

## Gull og edle metall

Justervesenet fører tilsyn med omsetjing av varer av edelt metall i Noreg. Det vart i 2013 gjort ei risikovurdering på området. Risikovurderinga avdekka at avvik og manglar i stor grad skuldast manglande kunnskap om regelverket. I 2014 har Justervesenet difor prioritert informasjonsarbeid og kommunikasjon med bransjen. Det er laga ein brosjyre om regelverket som er sendt til alle aktørar som Justervesenet er kjende med. Justervesenet har også delteke på Norsk gull- og urmesse med foredrag.




Samla sett er feilsituasjonen på området vurdert som tilfredsstillande. Justervesenet har i 2014 utført noko færre tilsyn på utsalsstader enn i 2013.

*Rapporteringskrav:*

- **Alternative tilsynsformer som vert utprøvde, og resultat dette har gjeve**

## Tilsyn med krav til internkontroll

Frå 2014 fekk Justervesenet heimel til å fatte vedtak om krav til internkontroll der det ligg til rette for dette. Det er no fatta vedtak om krav til internkontroll for nokre få verksemder. Parallelt er det jobba med interne rutinar for ordninga. Internkontrollsystem vil kunne bidra til å betre feilsituasjonen hjå verksemder som har eiga interesse i korrekte målingar og som har tilstrekkeleg kompetanse. I løpet av 2015 er det venta at Justervesenet fattar fleire vedtak om krav til internkontroll, som grunnlag for å trygge riktige målingar.

## Marknadstilsyn

I samband med EU sitt 'New Legislative Framework' har EU hatt aukande fokus på marknadstilsyn. Som ansvarleg for marknadstilsyn med produkt som er omfatta av direktiv om ikkje-automatiske vekter og måleinstrumentdirektivet utfører Justervesenet tilsyn med at produkt som vert marknadsførte og selde oppfyller dei grunnleggjande krava i direktiva.

Å føre tilsyn med at reiskap som vert selde oppfyller krav til rett godkjenning, merking og samsvar med nokre av dei grunnleggjande krava i direktiva, vert i praksis utført som ein del av kontrollen ute hjå brukarane.




*Justervesenet fører tilsyn med at målereiskap som vert selde i Noreg møter dei Europeiske krava. Her ein avgassanalysator.*

Det har i 2014 i tillegg vorte utført marknadstilsyn på varmemålarar. Marknadstilsyn med omsetjing av avgassanalysatorar har starta opp. Det er funne avvik hjå nokre leverandørar av avgassmålarar og det er også avdekka behov for meir kunnskap om regelverket hjå leverandørane. På bakgrunn av undersøkingane som er gjennomførte følgjer Justervesenet opp einskilde leverandørar. Det er grunn til å tru at feilsituasjonen og kunnskapen vil betre seg på bakgrunn av Justervesenet si oppfølging.

**Brukarundersøking**

Det vart i 2011 gjennomført ei undersøking der i det vart kartlagt korleis i underkant av 500 brukarar oppfatta Justervesenet si kontrollverksemd. Nytteverdi av kontrollane, kvalitet på tenester og kvalitet på dialogen med Justervesenet var områder som vart undersøkt. Resultatet frå undersøkinga gav verdifull tilbakemelding og vert brukt aktivt i forbetringsarbeid og evalueringar og vurderingar som Justervesenet gjer. Den pågåande evalueringa av kontroll av taksameter er eit eksempel på eit område som har stor nytte av tilbakemeldingane frå Justervesenet sine brukarar.

I tillegg til punkta over har Justervesenet som tidlegare nemnt i 2014 gjort uvarsla tilsyn i drosjenæringa og i fiskerinæringa. Funn ved disse tilsyna viser at dette er tilsyn som gjev god effekt.

## Laboratorieverksemda

**Målsetjing, frå tildelingsbrevet:**

*3.3 Bidra til at målingar som vert utførte i næringslivet, forskingsinstitusjonane og forvaltinga er sporbare og tilstrekkeleg nøyaktige*

**Det etaten først og fremst skal oppnå på dette området er:**

- at norske kalibreringstenester og måleteknisk infrastruktur skal halde ein så høg kvalitet som råd, og ikkje lægre enn minstekrav fastsett av Justervesenet.
- at kompetansen om måleteknikk skal halde eit så høgt fagleg kvalitetsnivå som råd innanfor en rimeleg ramme for ressursbruken på dette feltet.
- at laboratoriefasilitetene og kompetansen skal utnyttast så effektivt som råd.
- at målingar gjort i industri, handel, forsking og forvalting i Norge er i samsvar med internasjonale avtalar om måleeiningar og har nasjonal og internasjonal aksept.
- å halde oppe og vidareutvikle målenormalar og formidle kalibreringstenester som gjer at avleste måleresultat kan relaterast til kjende referansar (sporbarheit).

**Kvalitetsmål og kvalitetsnivå fastsett for kalibreringstenester og måleteknisk infrastruktur med grunngjeving ut frå formålet i målelova og kva faglige krav til kompetanse om måleteknikk som vert lagde til grunn.**

Formålet med målelova er å sikre ein måleteknisk infrastruktur som har tillit nasjonalt og internasjonalt, og å bidra til ein effektiv bruk av samfunnet sine ressursar. Justervesenet legg til grunn at verksemda må oppfylle krav som vert stilte til nasjonale laboratorium internasjonalt. Krava omfattar 3 hovudelement: Kvalitetssikring i samsvar med standarden NS-ISO/IEC 17025 eller tilsvarande; deltaking i samanliknande laboratorieprøvingar; publisering av beste måleevner på Meterkonvensjonen sin database.
Dei 3 nemnde krava er minstekrav som vil gjelde uansett kva kalibrerings- og måletenester ein tilbyr. Når desse internasjonale krava vert innfridde, vil også norske miljø sine krav vera oppfylte. Dette gjeld mellom anna Norsk akkreditering sine krav til sporbare målingar. Når det gjeld tenestetilbodet Justervesenet tilbyr, arbeider Justervesenet for å dekke dei områda og tenestetypane der det er vesentleg etterspurnad i Noreg, og med omsyn på kostnaden med etablering og drift av tenesta. Statistikken under for kalibreringstenestene, vist under, er eit viktig element i å vurdere samfunnsnytten.

På nyåret i 2014 sende Justervesenet inn årsrapportar for kvalitetssikring, for JV og dei utpeikte institutta, til Euramet sin komite for kvalitet. Alle dei norske rapportane vart godkjende etter at vi hadde svart på mindre merknader til rapportane.

Framover vil det kome nokre vesentlege endringar og Justervesenet har i 2014 gjort ein del førebuingar for kunne bli akkreditert for edelmetallanalyse og å bli akkreditert som grunnlag for ny utpeiking som teknisk kontrollorgan frå april 2016.

Justervesenet si rolle som nasjonalt måleteknisk institutt inneber at vi skal kunne levere både kalibrerings- og måletenester i tillegg til kompetanse innan måleteknikk. For å halde eit høgt nivå på tenestene, utvikle nasjonale normalar for måleeiningar og å spreie kunnskap om måling, er vi avhengige av høg kompetanse hjå dei tilsette. Av dei same grunnane er det naturleg at eit slikt miljø gjennomfører forsking og utvikling, både i regi av dei europeiske programma og i samarbeid med U&H-sektoren og andre institutt i Noreg. For å fylle dei rollane laboratoriet har, trengst ei blanding av kompetanse som inkluderer ingeniør/teknikarbakgrunn, mastergrad og doktorgradsnivå.

**Omfanget av kalibrerings- og måletenester**







*Figuren viser omfanget av kalibreringstenester i Justervesenet dei siste tre åra.*

Det økonomiske omfanget av kalibreringstenestene var på 5,575 mill kroner i 2014, jamført med 6,032 mill i 2013, dette er ein nedgang på om lag 8 %. Talet på kalibreringsbevis var 1528 i 2014, jamført med 1680 i 2013. Dette er ein nedgang på om lag 9 %. Gjennomsnittleg inntekt per kalibreringsbevis var 3649 kroner, men som kommentert tidlegare år er det svært stor variasjon i inntekt frå oppdrag til oppdrag. Den vesentlegaste endringa er at Justervesenet har trappa kraftig ned på kalibrering av vekter, dette utgjer hovudbidraget til det reduserte talet på bevis og inntekter. Mesteparten av vektkalibrering vert no utført av akkrediterte kalibreringslaboratorium. Dei andre kalibreringstenestene har samla sett hatt vekst, både i tal på bevis og inntekter. Den kraftige auken vi ser på området «lengde/optikk» skuldast dei nye tenestene for kalibrering av utstyr for periodisk køyretykontroll.

**Kva nye kalibreringstilbod som vert etablerte, og kva samarbeid det er med andre norske aktørar på dette feltet.**

I samband med at Vegvesenet innfører krav om akkreditering av leverandørar av kalibreringstenester til bilverkstader som utfører periodisk køyretykontroll (PKK), er det mange av desse leverandørane som har kontakta Justervesenet for å få kalibrert ulike typar utstyr. Laboratoriet har difor etablert kalibreringstenester for krysslaserar (som vert brukte i samband med lyskontroll på køyrety), gråfilter (som vert brukte i samband med avgassprøving) og lodd/vektarmar (som vert brukte for bremseprøving). Denne typen kalibreringstenester har ikkje vore tilgjengelege for norske kundar tidlegare.

*Tabellen viser omfang av TKO-oppdrag for MID og NAWI-direktiva i 2014:*

| | Søknader under behandling pr. 31.12.2013 | Nye søknader i 2014 | Behandlede søknader i 2014 | Henlagte søknader i 2014 | Søknader under behandling pr. 31.12.2014 |
|---|---|---|---|---|---|
| MID modul B | 10 | 4 | 2 | 6 | 6 |
| MID modul G | 16 | 5 | 1 | 4 | 16 |
| MID modul F1 | 0 | 6 | 6 | 0 | 0 |
| NAWI | 3 | 0 | 0 | 2 | 1 |
| Andre | 0 | 3 | 0 | 0 | 3 |
| SUM | 29 | 18 | 9 | 12 | 26 |

I tillegg til oppdraga vist over har Justervesenet 2 kundar med eksisterande godkjenning av kvalitetssystem for produksjonsprosessen for måleinstrument (1 for MID modul D og 1 for NAWI).

*Tabellen viser utvikling av førstegangsverifikasjon for dei siste 3 åra.*

| | 2012 | 2013 | 2014 |
|---|---|---|---|
| MID modul F | 306 | 135 | 277 |
| NAWI modul F | 2397 | 2078 | 2054 |
| Sum modul F | 2703 | 2213 | 2312 |

**Omfanget av kompetanseoppbygging- og overføring gjennom FoU-verksemd, kursverksemd, rådgjeving og annan kontakt med næringsliv, offentlege styresmakter, universitet, høgskular og internasjonale fagmiljø.**

Laboratoriet har framleis eit stigande engasjement i forskingsprosjekt og rådgjevingsoppdrag. I 2014 har vi vore i ein overgangsfase frå EMRP (European Metrology Research Programme) til det nye EMPIR (European Metrology Programme for Innovation and Research). Siste utlysinga i EMRP var i 2013, og godkjende prosjekt starta opp i 2014. Desse vil halde fram til 2017. Samstundes kom EMPIR i gang, med si første utlysing i 2014.

*Her er ein oversikt over EMRP-prosjekta Justervesenet er involverte i:*

- ”Metrology for pressure, temperature, humidity and air speed in the atmosphere”. (Oktober 2011 til oktober 2014).

- ”NEW04”, om metodar for måleusikkerheitsestimering og risikovurderingar. (Oktober 2012 til oktober 2015).

- ”NEWSTAR”, om nye metodar og utstyr for måling av optisk effekt. (Oktober 2013 til oktober 2016).

- ”Q-wave”, nye metodar og utstyr for måling av vekselspenning og –straum. (Juni 2013 til juni 2016).

- «LNGII», om måling av flytande naturgass, dette er ei vidareføring av eit tidlegare EMRP-prosjekt om same tema. (Juni 2014 til juni 2017).

- «IMPRESS», om måling av industrielle utslepp. (September 2014 til september 2017).

Arbeidet med utvikling av oppfølgingsprogrammet til EMRP, EMPIR, heldt fram i 2014. Justervesenet har halde tett kontakt med NHD om utviklinga. I mars 2014 har Noreg ved næringsministeren forplikta seg til deltaking i programmet. Det norske engasjementet er auka jamført med i EMRP. Dette gjev oss rammer til å delta i fleire søknader, og dermed større sjansar til å kome med i fleire prosjekt. Godkjenningsprosessen i EU vart fullført gjennom vedtak i EU-parlamentet i april og i Ministerrådet i mai. I 2014 starta EMPIR opp med for-utlysingar, før programmet var formelt vedteke. Utlysingane følgjer om lag same årlege syklusar som i EMRP, der ein startar med utlysing etter prosjektidear i starten av året. Frå ideane som kjem inn vert det prioritert eit utval som igjen er grunnlag for utlysing etter prosjekt. Prosjektutlysinga kom 24. juni 2014 med søknadsfrist 9. oktober. Tema for utlysninga i 2014 var knytt til metrologi for industriell nytte, og for oppbygging av metrologikapasitet i nye medlemsland. Justervesenet var med i 5 søknader i 2014, og 2 av desse vart godkjende. Det eine godkjende prosjektet omfattar utvikling av målemetodar for høge temperaturar i industrien, her er Elkem Solar med som norsk industripartner. Det andre godkjende prosjektet handlar om vidareutvikling av metodar og utstyr for måling av vekselspenning med bruk av supraleiarelektronikk, og byggjer delvis på resultat frå EMRP-prosjektet «Q-wave».

Tema for utlysingane i EMPIR varierer frå år til år, i 2015 vert det fokus på metrologi for helse, for utvikling av SI-systemet, oppbygging av metrologikapasitet i nye medlemsland, og metrologi knytt til standardisering. Justervesenet heldt dei utpeikte institutta NILU, NIVA og Strålevernet tett oppdaterte om framdrifta.

Justervesenet har arrangert 2 opne kurs i 2014, eitt om måleteknikk og måleusikkerheit retta mot aktørar som skal akkrediterast for målingar knytt til periodisk kjøretøykontroll, og eitt om måleusikkerheit for kalibrerings- og prøvingslaboratorium. Vidare har vi arrangert fleire spesialtilpassa kurs for einskilde verksemder.



Ein av Justervesenet sine tilsette, Marit Ulset Sandsaunet, gjennomfører sitt doktorgradsprosjekt i fysikk, dette starta i 2013, og er samfinansiert av UniK og Justervesenet. Temaet i oppgåva er måling av optisk effekt og fundamentale konstantar.

Justervesenet sende inn 2 søknader om offentleg PhD-prosjekter, etter Forskingsrådet si utlysning i 2014. Begge søknadene våre vart godkjende og starta opp i desember 2014. Therese Sørheim Stokkan gjennomfører eit prosjekt som er knytt til måling av optisk effekt, og hovudfokus er på studie og forbetringar av halvleiarstrukturane som vert nytta i optiske detektorar. Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med Universitetet i Oslo og Institutt for energiteknikk. Bjørnar Karlsen gjennomfører eit prosjekt som er knytt til måling av elektrisk vekselspenning med supraleiarelektronikk. Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med Høgskulen i Buskerud og Vestfold.

2 av Justervesenet sine tilsette, Helge Karlsson og Henning Kolbjørnsen, har hausten 2014 førelest mastergradsemnet "Kvalitetssikret måleteknikk og statistiske analysemetoder" ved Universitetssenteret på Kjeller. 6 studentar tok eksamen.

2 fysikkstudentar frå NTNU, Molly Bazilchuck og Bastian Fjermeros, har fullført sine oppgåver for MSc-graden ved Justervesenet i 2013-2014, fyrstnemnde i samarbeid med IFE og sistnemnde i samarbeid med UniK. Jarle Gran og Chi Kwong Tang frå Justervesenet var rettleiarar.

Eivind Bardalen, som er stipendiat ved Institutt for mikro- og nanosystemteknologi ved Høgskulen i Buskerud og Vestfold, gjennomfører eit PhD-studium på eit tema som er tett kopla til arbeidet i EMRP-prosjektet «Q-wave». Helge Malmbekk frå Justervesenet er rettleiar.

Det har vore arrangert fleire større internasjonale konferansar innanfor metrologi i 2014. På dei svært renommerte konferansane NEWRAD (Helsinki, Finland i juni 2014, hovudfokus på optisk radiometri) og CPEM (Rio de Janeiro, Brasil i august 2014, hovudfokus på elektromagnetisk måleteknikk) har fleire av Justervesenet sine tilsette presentert forskingsarbeid.  Medarbeidarar i Justervesenet hadde også fleire bidrag på det norske elektrooptikkmøtet i april 2014.

*Her er ein oversikt over publikasjonar og konferansebidrag:*

White, Malcolm; **Gran, Jarle**; Tomlin, Nathan; Lehman, John: "A detector combining quantum and thermal primary radiometric standards in the same artefact", Metrologia 51 (2014), S245-S251.

**K.Ellingsberg**: "System for in-circuit current measurement, the JV-active Shunt", p254-255, Conference Digest CPEM2014, IEEE: CFP14PEM-PRT, ISBN:978-1-4799-5205-2.

**Marit Ulset Sandsaunet**, **Chi Kwong Tang** and **Jarle Gran**: "First measurements of fundamental constants with a predictable photodiode cryogenic radiometer", CPEM 2014, Rio de Janeiro, 25. – 29.08.2014, muntleg presentasjon v Marit Ulset Sandsaunet.

T. Kübarsepp, M. Tamre, **J. Gran**, E. Monakhov, M. Merimaa, L. Werner, and M. L. Rastello: "Determination of e/h ratio by optical measurements", CPEM 2014, Rio de Janeiro, 25. – 29.08.2014, muntleg presentasjon ved Jarle Gran.

**Jarle Gran**, **Helge Malmbekk**, and **Kåre Lind**: "Photodiodes as current source in high-frequency low temperature applications", CPEM 2014, Rio de Janeiro, 25. – 29.08.2014, poster.

Jane Ireland, Dale Henderson, Jonathan Williams, Oliver Kieler, Johannes Kohlmann, Ralf Behr, **Jarle Gran**, **Helge Malmbekk**, **Kåre Lind** and **Chi Kwong Tang**: "An opto-electronic coupling for pulse driven Josephson junction arrays", CPEM 2014, Rio de Janeiro, 25. – 29.08.2014, poster.

J. Kohlmann, R. Behr, O. Kieler, J. Diaz De Aguilar Rois, M. Šíra, A. Sosso, B. Trinchera, **J. Gran**, **H. Malmbekk**, B. Jeanneret, F. Overney, J. Nissila, T. Lehtonen, J. Ireland, J. Williams, R. Lapuh, B. Voljc, T. Bergsten, G. Eklund, T. Coskun Öztürk, E. Houtzager, H.E. van den Brom, P. Øhlckers: "A quantum standard for sampled electrical measurements – main goals and first results of the EMRP project Q-WAVE", CPEM 2014, Rio de Janeiro, 25. – 29.08.2014. poster.

**Jarle Gran**, Malcolm White, Nathan Tomlin: "Predictable Photodiode Cryogenic Radiometer; Two primary radiometric standards combined in one artefac", NEWRAD 2014, Helsinki, 24.-27.06.2014, muntleg presentasjon ved Jarle Gran.

**J. Gran:** "Experimental prediction of Predictable Quantum Efficient Detector responsivity", NEWRAD 2014, Helsinki, 24.-27.06.2014, poster.

**C. K. Tang** and **J. Gran**: "Two-dimensional simulation of an induced-junction detector with Genius device simulator towards a predictable quantum efficient detector", NEWRAD 2014, Helsinki, 24.-27.06.2014, poster.

**M. U. Sandsaunet, C. K. Tang** and **J. Gran**: "Characterization of a Predictable Photodiode Cryogenic Radiometer for measuring fundamental constants", NEWRAD 2014, Helsinki, 24.-27.06.2014, poster.

Ingmar Müller, **Chi Kwong Tang, Jarle Gran**, Lutz Werner: „Experimental validation of the predictability of a Predictable Quantum Efficient Detector by direct comparison", NEWRAD 2014, Helsinki, 24.-27.06.2014, poster.

M. L. Rastello, **J. Gran**, I. Müller, M. Smid, G. Brida, T. Dönsberg,
M. Tamre, E. Monakhov: "The NewStar project: NEW primary STAndards and traceability for Radiometry", NEWRAD 2014, Helsinki, 24.-27.06.2014

**M. U. Sandsaunet**, **C. K. Tang** and **J. Gran**: "A Predictable Photodiode Cryogenic Radiometer for measuring fundamental constants", Nano-Network Workshop 2014, Tønsberg, 16.-19.06.14., muntleg presentasjon ved Marit Ulset Sandsaunet.

**J. Gran**: "Quantum based optical power primary standards", Norwegian Electro-optics meeting 2014, Fevik, 23. – 25.04.14, muntleg presentasjon.

**M. U. Sandsaunet**, **C. K. Tang** and **J. Gran**: "Characterization of a Predictable Photodiode Cryogenic Radiometer for measuring fundamental constants", Norwegian Electro-optics meeting 2014, Fevik, 23. – 25.04.14., muntleg presentasjon ved Marit Ulset Sandsaunet.

**C. K. Tang** and **J. Gran**: "Two-dimensional simulation of an induced-junction detector with Genius device simulator towards a predictable quantum efficient detector", Norwegian Electro-optics meeting 2014, Fevik, 23. – 25.04.14, poster.

**Utnyttingsgraden av laboratoria**
I bygget til Justervesenet på Kjeller er alle laboratorierom tekne i bruk, bortsett frå 2 som no er nytta til lager. Dette er same status som i 2013, og gjer at vi har bra fleksibilitet med omsyn på laboratorieareal. Vi vurderer også om det er naudsynt å omprioritere internt i bruken av romma til ulike oppgåver ettersom det skjer endringar i omfang, prosjekt, utstyr og metodar på dei ulike fagområda.

